

Referat ordinært årsmøte i NUUG, 2007-03-13

Møtet vart halde 18:00-18:30 i auditoriet til Avdeling for Ingeniørutdanning ved Høgskolen i Oslo, Cort Adelers gate 30, Oslo.

11 oppmøtte.

1 Val av møteleiar og referent

Petter Reinholdtsen vart valt til møteleiar og Håvard Fosseng til referent, begge ved akklamasjon.

2 Val av to medlemmer til å underteikne protokollen

Ole Kristian Lien og Thomas Hansen vart valte ved akklamasjon til å underteikne protokollen.

3 Stadfesting av at møteinnkallinga er i samsvar med vedtektene

Artikkel 7 i vedtektene¹ spesifiserer krava til innkalling av ordinært årsmøte.

Ingen hadde innvendingar mot innkallinga, og ho vart godkjent ved akklamasjon.

4 Framlegg til årsberetting

Møteleiaren las opp styret sitt framlegg til årsberetting, som vart godkjent ved akklamasjon.

5 Godkjenning av rekneskapen

Styret sitt framlegg til rekneskap for 2006 vart godkjent ved akklamasjon.

¹<http://www.nuug.no/vedtekter.shtml>

6 Val av nytt styre og andre tillitsmenn

Terje Trane la fram innstillinga til valkomiteen.

Etter at valkomiteen si innstilling vart sendt ut som del av årsmøtepapira, hadde Eirik Seim har sagt frå seg val, det trongst difor ein ny kandidat til valkomiteen.

Runar Ingebriktsen stilte som kandidat til valkomiteen.

Kandidatane presenterte seg. Petter Reinholdtsen presenterte Peter N. M. Hansteen, som ikkje sjølv var til stades.

– **Leiar**

Petter Reinholdtsen

– **Styremedlemmer**

- Peter N. M. Hansteen
- Ole Kristian Lien

– **Varamedlemmer**

- Gaute Nessian
- Runar Ingebriktsen

– **Valkomite**

- Anders Nordby
- Morten Kjelkenes
- Runar Ingebriktsen

Alle vala vart gjort ved akklamasjon
Det nye styret:

- Petter Reinholdtsen (leiar)
- Jon Petter Bjerke (styremedlem)
- Håvard Fosseng (styremedlem)
- Peter N. M. Hansteen (styremedlem)
- Gaute Nessian (varamedlem)
- Runar Ingebriktsen (varamedlem)

RSM Hasner vart valt som revisor ved akklamasjon.

7 Framlegg til ny medlemskategori utan USENIX-tilknytting

Møteleiaren la fram styret sitt framlegg til innføring av ein ny kategori medlemmer utan USENIX-tilknytting.

Frå salen vart det framsett at berre dei som var medlemmer via anna foreining skulle kunne vere utan medlemskap i USENIX, men det kom ikkje noko vedtaksframlegg om dette.

Årsmøtet oppmodar styret til å arbeide for å synleggjere fordelane ved USENIX-medlemskap.

Styret sitt framlegg vart vedteke med 1 røyst mot, 1 avhaldande og 9 røyster for. Dei nye medlemskategoriane «Personlig medlem utan USENIX» og «Studentmedlem utan USENIX» vert innførte.

8 Fastsetjing av kontingenten for 2008

Runar Ingebriksen gjorde framlegg om å setje kontingentsatsen for studentmedlem utan USENIX til 100,-

2 røysta for dette framlegget, 9 for styret sitt framlegg om 50,-

Dei andre framlegga til kontingentsatsar vart vedtekne ved akklamasjon.

Vedtekne kontingentsatsar for 2008:

Bedriftsmedlem inkl. inntil 3 personmedlemmer	4000
Tillegg for ekstra personmedlem i bedrift	1060
Personlig medlem	1110
Personlig medlem utan USENIX	360
Studentmedlem	260
Studentmedlem utan USENIX	50

9 Framlegg til revidert budsjett for 2007 og budsjett for 2008

Møteleiar la fram styret sitt framlegg til revidert budsjett for 2007 og budsjett for 2008. Desse vart vedtekne ved akklamasjon.

10 Eventuelt

Inkje.

Thomas Hansen

Ole Kristian Lien